



FOLKEHELSEPROFIL 2023

ÅL KOMMUNE

Oppsummering av data frå folkehelsebarometer for Ål kommune syner at det er:

Befolkning:

- Færre barn i alderen 0-17 år (19,0 %) i kommunen, enn i fylket og landet samla sett.
- Flere eldre, over 80 år (6,3 %), enn i fylket og landet samla sett. Framskriving syner at andelen eldre, over 80 år vil doble seg frå i dag 6,3% til 12% i 2040 (S*).
- Fleire personar som bur åleine, 45 år + (28,4 %) enn i fylket og landet samla sett (S*).

Oppvekst og levkår:

- Like stor andel personar med høgare utdanning i alderen 30-39 år (81%) som fylket og landet samla sett.
- Like stor andel barn som bur i husholdningar med vedvarande låg inntekt (12%), som fylket og landet samla sett. Vedvarande låg hushaldningsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60% av median hushaldningsinntekt i Norge. Dette utgjer ca. 52 husholdningar i Ål.
- Ein relativ lik andel av barn av einslege forsørgjarar (13,1%) enn fylket og landet samla sett. Dette utgjer ca. 77 i kommunen.
- Færre unge som står utanfor arbeid og/eller utdanning (6,9%) enn fylket og landet samla sett.
- Fleire som leiger bustad (17,9%), enn fylket og landet samla sett (S*).
- Lågare nivå på leseferdigheiter i 5.trinn (32 %) enn fylket og landet samla sett. Resultata har gått opp 5% etter nedgang i tidsrommet 2020 og 2022.
- Lågare nivå på rekneferdigheiter i 5.trinn (28 %) enn fylket og landet samla sett.

Miljø, skader og ulykker:

- Drikkevasskjelda, hygienisk og leveringsstabilitet (97,5%), resultatata ligg betre enn landet samla sett (90,7%).
- Ungdom som er trygge i nærmiljø (92%), som deltar i fritidsorganisasjonar (67%) og som er fornøgd med treffstader i kommunen (50%) og lokalmiljøet (67%). (19%) oppgjer at dei har kjent seg einsam. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga 2021.

Helserelatert åtferd:

- En del ungdom som trenar sjeldnare enn kvar veke (25%), samtidig som er 37% av ungdommane meir enn 4 timar på skjerm kvar dag. Data frå Ungdata 2021.

Helsetilstand:

- Ål ligg på eit gjennomsnittleg nivå når det gjeld helsetilstanden i kommunen i forhold til landet samla (forventa levealder, psykiske lidingar, hjerte- og karsjukdomar og antibiotikabruk).

(S*) = ein signifikant skilnad frå landet i sin heilskap.

Kommentar:

Det må merkast at gjennomsnittlege verdiar kan innebere ei folkehelseutfordring for kommunen, fordi landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ønsket nivå.

Verdiområdet for de ti beste kommunene i landet kan vere noko å strekkje seg etter.

Last ned heile folkehelseprofilen her: [Folkehelseprofil 2023 Ål kommune](#)

Oppsummering av Folkehelseprofilen 2023

Tema for årets folkehelseprofil er **bumiljø**. Ein eigna bustad i eit godt bumiljø er eit fundament for helse og livskvalitet. Kommunen kan med sine verkemiddel bidra til at alle innbyggjarane bur slik at dei kan leve gode liv. I Norge er det eit mål at alle skal bu trygt og godt. Bustaden må vere tilpassa den enkeltes behov og vere i eit bumiljø som gjev høve til å delta i samfunnet, knyte kontakt med andre og å utvikle og utfolde seg.

Tiltak som er viktige for gode bu-opplevingar i alle livets fasar er mellom anna:

- Nærleik til kvardagsarenaer og tilgjengelege tilbod og tenester
- Gode transportmoglegheiter som bidrar til å gjere tilbod og tenester lettare tilgjengeleg
- God utebelysning, sitteplassar og godt vedlikehald
- Det må tas omsyn til støy, luftforureining, flom, overvatn og ras i utviklinga av bustadområder.



Figur 1 viser nærilmiljøkvalitetar som har betydning for helse og livskvalitet.


Stabile og varierte bumiljø – ein verdi i seg sjølv:

Stabile og varierte bumiljø er viktig, det fører til tryggleik og moglegheit for å knyte kontaktar og delta aktivt i nærilmiljøet. Viktige forhold for stabile bumiljø er befolkningsmansetning, andel som leiger bustad, variasjon i bustadtyper, fysiske og sosiale miljøfaktorar og kor attraktivt området er.

Utfordringar knyttet til bustadsituasjon:

Ål kommune har i lengre tid hatt ei utfordring knytta til bustadsituasjonen. Dei fleste distriktskommunar har «tynne bustadmarknader». Det vil seie lite omsetnad, låge bustadprisar og lite nybygging, utfordringar med einsarta bustadmasse med mange usentralt plasserte einebustader og mangel på eigna bustader til dømes for eldre.

Ei rekke kommuner vil i åra framover få fleire og ein aukande andel eldre. Ål kommune har allereie flere eldre, og færre barn og unge (0-17 år) enn Viken og landet samla sett. Dette er ei utfordring som kommunen må planleggje ytterlegare for med tanke på bustader spesielt eigna til eldre. Kvalitetar ved bustadene og nærmiljøet som gjer det godt å leve i for eldre, er også godt for andre. Å utvikle eit aldersvenleg samfunn kan dirfor vere eit nyttig prinsipp i samfunnsutviklinga generelt.



Figur 2 viser aldersfordeling i Ål i 2022 og fremskreve for 2040 (SSB). Her ser ein at det blir færre unge og fleire eldre.

Kontakt vedrørende folkehelse:

Hege Malene Ulstein
Folkehelsekoordinator
Plan og utvikling
Tlf: 475 03 995
Epost: hege.malene.ulstein@aal.kommune.no